



Viktig informasjon frå Kyrkja i Kvinnherad.

Her er generell informasjon frå Kyrkja i Kvinnherad om tiltak for å avgrensa smitte frå koronaviruset. Tiltaka gjeld sjølv sagt også for Uskedal kyrkje. Uskedal sokneråd hadde eit ekstraordinært møte torsdag 12. mars der ein gjorde vedtak om nedstenging av lokale aktivitetar og arrangement.

INFO frå Kyrkja i Kvinnherad i samband med tiltak mot spreing av korona-viruset:

- Gudstenester, trusopplæringstiltak, konfirmantundervisning, konsertar m.m. er avlyst på ubestemt tid, men i alle fall så lenge skular og barnehagar held stengt.
- Enkel dåpsgudsteneste kan gjennomførast, kun med foreldre, fadrar og besteforeldre (avgrensa antal) til stades. Om det skal vera fleire dåp same stad vert det separate samlingar t.d. kl. 10.30, 11.15 og 12.00.
- Gravferd: Kun næraste familie får vere til stades (maks femti personer). Unnatak må godkjennast i samråd med kommunelegen.
- Det kan vera at ein stenger kyrjekontoret på Valen for publikum.

Meir informasjon på :

post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no

eller tlf.: 90 53 19 10

(fungerer dessverre ikkje med SMS)

Nokre av desse tiltaka er jfr. Bjørgvin bispedøme si heimeside: <https://kirken.no/.../fors.../corona%20-%20ingen%20gudstenester/>

Tekst: Pressemelding
Foto: Einar Gjertsen
Nett: Kristian Bringedal